

## **SAK 03/22 BU- OG BLILYST – OPPSTART I HALLINGDAL**

### **Saksopplysning:**

På Hallingtinget i oktober 2021 vart det vedtatt at det skal innførast bu og blilyst prosjekt i alle kommunar i Hallingdal. (Handlingsprogrammet pkt 42) I Regionrådet i desember 2021 vart saka følgt opp og det vart i sak 74/21 fatta slik vedtak:

*Regionrådet ber rådmannsutvalet kome med kandidatar til eit regionalt prosjekt og ei vurdering på om dette kunne vera noko å delta på innovasjonsløft med.*

### **Vurdering:**

No er innovasjonsløft som skulle gått i vår, utsett til hausten. Det er fleire kommunar som er i gang med bu- og blilyst prosjekt og tilsettingar i samband med dette. Etter dagleg leiar si vurdering hadde det vore bra om kommunane hadde snakka saman og vurdert kva ein skal samarbeide om og kva ein skal gjera på eigen hand. Det har vore fleire hallingar på studietur til Nordland og det er derfor mange tankar og idear om korleis dette kan gjerast og organiserast. Administrasjonen i Regionrådet og bu og blilyst på Ål, meiner at det er for lenge å vente med oppstart til hausen, og ønskjer derfor å ta initiativ til ein oppstart no i vår der alle kommunar er representerte og der ein kan stake ut kurs, dele tankar og idear. Kanskje kan dette gjerast i form av ein innovasjonslab.

### **Forslag til vedtak:**

1. Regionrådet ber dagleg leiar, i samråd med kommunane, organisera oppstart av bu- og blilystprosjekt i Hallingdal i løpet av våren.
2. Regionrådet oppmodar alle kommunar til å stille med minst to relevante personar på dette arrangementet.

Hallingdal, 21. jan. 2022

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar